



Arkivsaknr: 2024/7392-14
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28- Seimstrand daglegvare AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Seimstrand Daglegvare AS – org.nr. 920127002 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Spar Seimstrand, Lurevegen 88,5912 Seim
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Arne Hafsås Alver f. 02.08.75
Avløysar for løyvet: Anne-Karin Karny Lundgren Vatne f. 16.03.86
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming
Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld
Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Seimstrand daglegvarer har i søknad datert 03.06.24 søkt om fornying av salsløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28 i lokalene til Spar Seimstrand, Lurevegen 88, 5912 Seim. Arne Hafsås Alver er styrar for salsløyvet og Anne – Karin Karny Lundgren Vatne er avløyssar. Opningstida er frå kl. 08.00 til kl. 21.00 måndag- fredag. Laurdag frå kl 09.00 – 20.00

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (Alkoholova §1- 6). Seimstrand Daglegvare AS søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå Nav Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløyssar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1- 7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding
Søknaden vert tilrådd innvilga.